Utdrag frå den gjeldande emnebeskrivelsen for NODI101
[http://www.uib.no/emne/NODI101#emnebeskrivelse:](http://www.uib.no/emne/NODI101#emnebeskrivelse)

«Krav til forkunnskapar
Ingen.

Tilrådde forkunnskapar
Minimum 30 studiepoeng i norskfaglege emne på 100-nivå i språk og litteratur (NOLI102 og NOSP102).»

Endre Brunstad skriv i e-brev 18.12.12 til Ivar Utne (leiar i programstyret for nordisk):

«Fagmiljøet knytt til integrert lektorutdanning sluttar seg til dei saksopplysingane og vurderingane som kjem i brev av 14.11.2012 frå Det humanistiske fakultet om progresjonskrav i fagdidaktikk dei tre fyrste åra av integrert lektorutdanning.

Det er naudsynt at studentane har ein fagleg bakgrunn for å ta eit fagdidaktisk kurs, og dermed bør ein ha krav om studiepoeng i det relevante faget. For å unngå forseinkingar for studentar som ikkje har greidd ein eksamen, er det samtidig ikkje rimeleg å krevje full studieprogresjon, jamvel om dei fleste studentar vil ha det. Kravet om 15 studiepoeng verkar rimeleg.»

Framlegg til vedtak frå programstyret i nordisk

I emneplanen for NODI101 under "Krav til forkunnskap" blir det endra frå ingen definerte krav til "**Minimum 15 studiepoeng i nordiskfaglege emne på 100-nivå i språk og litteratur (NOLI102 eller NOSP102)**". Planen skal gjelde frå og med haustsemesteret 2013.

Vedlegg

- Brev 14.11.2012 frå HF-fakultetet, «Oversending av sak 12/29 i PUHF 3.10.2012: Progresjonskrav i fagdidaktikk dei tre første åra av integrert lektorutdanning»
- Framlegg til ny emneplan for NODI101 (Fagdidaktikk i nordisk for integrert lektorutdanning).

Vedlegg 2: Emneplan NODI101

Oppdatert ved LLE 18. januar 2013. Til behandling i Programstyret for nordisk januar 2013. Endring under «Krav til forkunnskap» er markert i kursiv.

NODI101 Fagdidaktikk i nordisk for integrert lektorutdanning

Undervisningspråk

Norsk. Dansk og svensk kan og verte brukt.

Undervisningssemester

Haustsemesteret. Tredje semester i lektorutdanningsprogrammet for studentar som tek nordisk som fag I. Femte semester for studentar som tek faget som fag II.

Studienivå

100-nivå i integrert lektorutdanning

Krav til studierett

Opptak til integrert lektorutdanning ved Det humanistiske fakultet, UiB.

Mål og innhald

Emnet handlar om fagdidaktikk i nordiskfaget og norskfaget. Grunnleggjande spørsmål vil her vere kva norskfagleg kunnskap er, korleis slik kunnskap vert utvikla, og kvifor slik kunnskap er viktig å utvikle i samfunnet vårt.

Det vert i emnet lagt mest vekt på språkfaglege spørsmål.

Emnet skal gje studentane kunnskap som fremjar innsikt i:

1. norskfagleg sjølvforståing og danningshistorie
2. språkutvikling og tekstforståing.

Læringsutbyte/resultat

Etter å ha studert emnet skal studentane:

1. Kunne gjere greie for og drøfte grunnlagsspørsmål i fagdidaktikken. Det vil seie at dei med utgangspunkt i fagleg kunnskap skal kunne problematisere kultur- og danningspotensial i norskfaget i fortid og notid.

2. Ha skaffa seg innsikt i korleis elevar kan utvikle språk- og tekstkompetanse.

Kunne setje sentrale styringsdokument for norskfaget i skulen i ein ideologisk og historisk samanheng.

Krav til forkunnskapar

Minimum 15 studiepoeng i nordiskfaglege emne på 100-nivå i språk og litteratur (NOLI102 eller NOSP102).

Tilrådde forkunnskapar

Minimum 30 studiepoeng i norskfaglege emne på 100-nivå i språk og litteratur (NOLI102 og NOSP102).

Undervisning og omfang

Førellesingar på minimum 12 timar.

Obligatorisk for- og etterarbeid i samband med skulebesøk.

Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mi side. På emne der dette kan verta aktuelt vil studentane få informasjon om det ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.

Obligatoriske arbeidskrav

Skulebesøk og for- og etterarbeid knytt til dette er obligatorisk.

For fag I (i det tredje semesteret) er skuleerfaringa knytt til fagdidaktikk. For fag II (i det femte semesteret) er skuleerfaringa knytt både til fagdidaktikk og pedagogikk.

Vurderingsformer

Eksamensforma er heimeeksamen på 7 dagar med oppgjeve emne, om lag sju sider. Retningslinjer for oppgåva vert gjevne i studiet. Heimeeksamenen skal skrivast på bokmål. Som ved alle skriftlege eksamenar i nordiskfaget vert rett og god språkføring vektlagd.

Karakterskala

Det vert nytta gradert karakterskala frå A til F der F er stryk.

Læremiddelomtale

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium gjev framlegg om spesifisert pensumliste i emnet. Pensum for NODI101 utgjer om lag 400 sider av normal vanskegrad.

Undervisningsstad

Bergen.

Emneevaluering

Emneevalueringar vert gjennomførte i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.

Institutt

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE).

Kontaktinformasjon

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

E-post: studierettleiar@lle.uib.no

UUI-sak 5/13	Endring i studieplan for integrert lektorutdanning med master i nordisk	
Vedlegg 1	Saksomtale frå programstyremøte på nordisk	
Vedlegg 2	Framlegg til justert studieplan på MAHF-LÆNO	

Programstyret for nordisk har handsama tre studieplansaker på sirkulasjon i januar, og har sendt desse til handsaming i UUI. Den andre av desse sakene gjeld omtale av læringsutbyte i studieplanen for Integrert lektorutdanning med master i nordisk. Sjå vedlegg 1, saksomtale fra sirkulasjonssaka til programstyret.

Framlegg til vedtak:

Endringane i studieplanen for Integrert lektorutdanning med master i nordisk blir vedtekne med verknad frå hausten 2013.

Vedlegg 1: Saksomtale frå programstyremøte på nordisk

SAK 2/13

Endre Brunstad skreiv dette om bakgrunnen i saka, i e-brev til fleire 13.12.2012:

«Det har kome inn bestilling på læringsutbyttebeskriving i studieplanen for integrert lektorutdanning i nordisk. Eg har [...] laga eit utkast.
[...]

Utgangspunktet for denne øvinga er at dei gjeldande studieplanane for lektorutdanninga manglar læringsutbyttebeskrivingar [...]. Ein skal då ikkje gjere nye ting, men eg har freista å formulere noko i tråd med det som alt står i den gjeldande planen, under mål og innhald og andre stader. Eg har føydd til noko om sjølvstendig forskingsarbeid då det refererer til masteroppgåva, og har skrive "relevante" om det

som gjeld munnlege og skriftlege presentasjonar. Framandspråka har teke med akademisk skrivning, og eg gjorde det òg, sjølv om det ikkje er spesifikt nemnt i deira plan heller.»

Gjeldande studieplan for integrert lektorutdanning med master i nordisk finst her:

<http://www.uib.no/studieprogram/MAHF-L%C3%86NO#studieplan>

Framlegg til vedtak frå programstyret i nordisk

I studieplanen for integrert lektorutdanning med master i nordisk blir ny del «Læringsutbytte» sett inn. Avsnitt 3 og 4 frå «Mål og innhald» går ut fordi innhaldet er flytta til «Læringsutbytte» (avsnitta byrjar slik: «Studiet skal gi vitskapleg funderte [...]» og «Studiet skal utdanne [...]). Ny plan skal gjelde frå og med haustsemesteret 2013.

Vedlegg 2: Framlegg til justert studieplan på MAHF-LÆNO

Vedlegg: Studieplan for MAHF-LÆNO

Sist endra ved LLE 18. januar 2013 (under «Mål og innhald», «Læringsutbytte» og «Opptakskav»). Til behandling i Programstyret i nordisk januar 2013. Endringar markert i kursiv.

Studieplan for MAHF-LÆNO

Integrert lektorutdanning med master i nordisk

I Undervisningsspråk

Normalt norsk, dansk og svensk. Dersom du som fag II vel eit framandspråk, vil (delar av) undervisninga vere på det aktuelle språket.

II Studiestart

Haustsemesteret.

III Mål og innhald

Den integrerte lektorutdanninga utgjer eit profesjonsstudium som utdannar lærarar for mellomtrinnet og ungdomstrinnet i grunnskulen og for den vidaregåande skulen. Utdanninga kombinerer praktisk-pedagogisk opplæring med solid fagkunnskap i minst to universitetsfag.

Studiet skal gi eit solid grunnlag i dei respektive vitskapsfaga med vekt på fagleg forståing, problemløysing og forståing for metodar og tenkjemåtar i faga. Vidare skal studiet gi grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk, gi kunnskap om skulefaga og fremje dugleikar for praktisk yrkesutøving. Studiet skal dessutan gi ei

grunnleggjande forståing av vitskapsfaga og skulefaga i ein samfunnsmessig og kulturell samanheng.

[HAR KUTTA NOKO HER]

Det fyrste studieåret i nordiskfaget er delt mellom eit språkleg og eit litterært studium. Språkstudiet gir innsikt i korleis språket er oppbygt som system, korleis språket har utvikla seg, og kva som er bakgrunnen for dei variantane av skriftmål og talemål vi har i dag. Litteraturstudiet går inn på nordiske litterære tekstar, litteraturhistorie og tekstteori, og gir innsikt i sentrale forfattarskapar, ulike sjangrar og kulturhistorie. På høgare nivå vert det høve til å spesialisere seg i sjølvvalde faglege emne.

Namnet på faget understrekar eit nordisk perspektiv, men likevel vil hovudtyngda i studiet liggje på norsk språk og norsk litteratur. I kor stor grad studenten arbeider med nordiske eller reint norske fagområde, vil òg studenten sjølv kunne avgjere.

Som andrefag kan det veljast eit anna universitetsfag med eit fagdidaktisk tilbod tilrettelagt for lektorutdanningsprogrammet.

IV Læringsutbyte

Ein kandidat med fullført lektorutdanning i nordisk er kjenneteikna med å ha følgjande læringsutbytte definert som kunnskap, dugleikar og generell kompetanse.

Kunnskap er kjenneteikna med at kandidaten skal

- ha eit solid grunnlag i nordistikken med vekt på fagleg forståing, problemløysing og forståing for metodar og tenkjemåtar i faget
- ha innsikt i korleis språket er oppbygt som system, korleis språket har utvikla seg, og kva som er bakgrunnen for dei variantane av skriftmål og talemål vi har i dag
- ha kunnskap om sentrale nordiske litterære tekstar, litteraturhistorie og tekstteori, og innsikt i sentrale forfattarskapar, ulike sjangrar og kulturhistorie
- ha grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk
- ha kunnskap om relevante skulefag
- ha kjennskap til vitskapelege arbeidsmåtar og forskingsmetodar, og kan arbeide sjølvstendig med omfattande og krevjande faglege oppgåver
- ha ei grunnleggjande forståing av dei respektive vitskapsfaga og skulefaga i ein samfunnsmessig og kulturell samanheng.

Dugleikar er kjenneteikna med at kandidaten skal

- kunne meistre relevante skriftlege og munnlege presentasjonar
- ha tileigna seg normene for akademisk skrivning i masterfaget
- ha utvikla dugleikar for praktisk yrkesutøving
- kunne gjennomføre eit sjølvstendig forskingsprosjekt under rettleiing og i tråd med forskningsetiske normer.

Generell kompetanse er kjenneteikna med at kandidaten skal

- kunne tilretteleggje for læring
- vere ansvarleg og kompetent til å ta medansvar for elevar si læring og utvikling

- kunne kritisk reflektere og samtale kring fag, undervisning og læring
- kunne bidra til vidare fagleg og profesjonell utvikling.

V Opptakskrav

- Generell studiekompetanse eller realkompetanse.
- *LÆRAR*: Minst karakter 3 i matematikk og norsk og minst 35 skolepoeng.
- Politiattest (jf. forskrift ved opptak til høgare utdanning, § 2 og §§ 6-10).

VI Tilrådde forkunnskapar

Tilrådd startgrunnlag er norskeksamen i felles allmenne fag ved studieretning for allmenne fag frå vidaregåande skule.

VII Innføringsemne

Integrert lektorutdanning med master i nordisk skal innehalde 30 studiepoeng med innføringsemne (førstesemesterstudiet):

- EXPHIL-HF, Examen philosophicum, 10 stp.
- EXFAC00SK, Examen facultatum: språk og kommunikasjon, 10 stp.
- PEDA111, Pedagogikk, 10 stp.

VIII Obligatoriske emne / spesialisering

I programmet inngår obligatoriske emne i fag, fagdidaktikk og pedagogikk. Desse emna er spesifiserte nedanfor.

Når det gjeld praksis, er det obligatorisk med 15 dagars skuleerfaring fordelt på tre semester og undervisningspraksis samansett av om lag 120 timar undervisning fordelt på to semester. Både skuleerfaring og undervisningspraksis er knytte til emne som inngår i programmet. For nærmare informasjon, sjå emneplan for praksis.

På masterstudiet skal det skrivast ei masteroppgåve med eit omfang på 70-110 sider, etterfølgd av ein munnleg eksamen. Masteroppgåva gir 60 studiepoeng. Prosjektet for masteroppgåva skal vere godkjent i eit prosjektførebuande emne før arbeidet tek til. Det er gjort meir greie for masteroppgåvearbeidet i ein eigen emneplan.

IX Undervisningsmetodar

Programmet omfattar ulike undervisningsformer; til dømes forelesing, seminar, gruppeundervisning og individuell rettleiing.

For meir detaljert informasjon, sjå emneplanen for det einskilde emnet.

X Vurderingsformer

I studiet inngår varierte vurderingsformer. For nærmare informasjon om vurderingsformer, sjå emneplanane for dei einskilde emna.

Ifølgje Forskrift om skikkavurdering i høgare utdanning (nr. 859) fastsett av Kunnskapsdepartementet 30. juni 2006 med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universitet og høgskular § 4-10 sjette ledd, skal det gjennom heile studiet gjerast vurderingar av om studenten er skikka til læraryrket, og sluttvurdering og vitnemål for fullført utdanning føreset at studenten er vurdert som skikka (jf. § 4-10 andre leddet).

XI Karakterskala

Det vert nytta karakterar for fagemna etter karakterskalaen A-F. Praksis og utvalde obligatoriske aktivitetar vert vurderte med greidd/ikkje greidd.

XII Krav til progresjon i studiet

Det vert stilt både karakter- og progresjonskrav i studiet. Sjå utfyllande reglar for studiet for nærmare informasjon.

XIII Rekkjefølje for emne i studiet

1. semester: Førstesemesterstudiet

- EXPHIL-HF, Examen philosophicum, 10 stp.
- EXFAC00SK, Examen facultatum: Språk og kommunikasjon, 10 stp.
- PEDA111, Pedagogikk, 10 stp.
- 5 dagar skuleerfaring

2. semester: Nordisk 100-nivå

- NOSP102 Nordisk: Moderne språk, 15 stp.
- NOLI102 Nordisk: Litteratur etter 1900, 15 stp.

3. semester: Nordisk 100-nivå, fagdidaktikk i fag I

- NOLI103 Nordisk: Den eldre litteraturen, 15 stp.
- NOSP103-L Nordisk: Språkhistorie og talemål for integrert lektorutdanning, 10 stp.
- NODI101, Norskdidaktikk, 5 stp.
- 5 dagar skuleerfaring, knytt til norskdidaktikk

4. semester: Fag II 100-nivå, 30 stp:

- Engelsk: ENG101, ENG125
- Fransk: FRAN101, FRAN103
- Spansk: SPLA101, SPLA103
- Tysk: TYS111, TYS112
- Religion: RELV101, RELV105

Historie; HIS102 (obligatorisk), og eitt av emna: HIS116, HIS115, HIS108, HIM101 eller HIS111

5. semester: Fag II 100-nivå, pedagogikk, fagdidaktikk i fag II

- Fagemne (med tilrettelagt tilbod i fagdidaktikk), 20 stp.

Engelsk: ENG106L, ENG122L

Fransk: FRAN114, FRAN105

Spansk: SPLA105, SPLA106

Tysk: TYS123, TYS124

Religion: RELV102, RELV103L

Historie: HIS101, HIS120

- PEDA112, Pedagogikk, 5 stp.

- Fagdidaktikk i fag II, 5 stp.

- 5 dagar skuleerfaring, knytt til fagdidaktikk i fag II og PEDA112

6. semester: Nordisk 200-nivå, fagdidaktikk i fag I

- NODI201, Norskdidaktikk, 5 stp.

- Fagemne, 25 stp.

Eitt av desse emna skal veljast:

NOLI210-L Nordisk: Litterær analyse og teori for integrert lektorutdanning

NOSP210-L Nordisk: Språkbruksanalyse for integrert lektorutdanning

Dersom ein vel NOLI210-L, skal eitt av desse emna veljast:

NORAN251-L Andrespråkslæring og -undervisning for integrert lektorutdanning

NOSP250 Nordisk: Språkbruksanalyse

NOSP251: Nordisk: Språkleg variasjon og endring 1

Dersom ein vel NOSP210-L, skal eitt av desse emna veljast:

NOLI250 Nordisk: Litterær analyse og teori

NOLI251 Nordisk: Litterært fordjupingsemne 1

7. semester: Nordisk 300-nivå, pedagogikk, fagdidaktikk i fag II og praksis

- Fagemne, 15 stp.

Eitt av desse emna skal veljast:

NOFI302 Spesialisert emne i norrøn filologi 1

NOLI311 Nordisk: Litterært masteremne C

NOLI320 Nordisk: Litterært særernne

NOLI322 Nordisk: Litterært masterernne B

NOSP211 Nordisk: Språk i Norden

NOSP312 Nordisk: Språkleg masterernne

NOSP320 Nordisk: Språkleg særernne

NOSP322 Nordisk: Namnegransking 2

NOSP323 Nordisk: Språkssystemet 2

- PEDA113, Pedagogikk, 10 stp.

- Fagdidaktikk i fag II, 5 stp.

- 60 timar praksis

8. semester: Nordisk 300-nivå, pedagogikk, fagdidaktikk i fag I og praksis

- NOLISP300 Nordisk: Prosjektførebuaende ernne, 15 stp.

- PEDA114, Pedagogikk, 5 stp.

- NODI302, Norskdidaktikk, 10 stp.

- 60 timar praksis

9. semester og 10. semester: Nordisk 300-nivå

NOLISP350, Mastergradsoppgåve i nordisk, 60 stp.

Praksis gir ikkje studiepoeng, men er ein obligatorisk del av pedagogikk og fagdidaktikk

XIV Delstudium i utlandet

Studentane vert oppmoda til å ta delar av studiet i utlandet. Utanlandsopphald vert avtalt og lagt til rette i samarbeid med dei fagleg ansvarlege institutta.

XV Yrkesvegar

Integrert lektorutdanning med master i nordisk kvalifiserer for tilsetjing i grunnskulen (mellom- og ungdomstrinnet) og i vidaregåande skule. Lektorutdanninga gir undervisningskompetanse i norsk og det faget ein vel som fag II.

XVI Fagansvarleg

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

XVII Administrativ ansvarleg

Det humanistiske fakultet

E-post: lektor@hf.uib.no

UUI-sak 6/13	Endring i emnetitlar for ISL103 og ISL104	
Vedlegg 1	Saksomtale frå sirkulasjonssak i programstyret på nordisk	
Vedlegg 2	Oppdaterte emneplanar for ISL103 og ISL104	

Programstyret for nordisk har handsama tre studieplansaker på sirkulasjon i januar, og har sendt desse til handsaming i UUI. Den tredje av desse sakene gjeld endring av emnetitlane på ISL103 og ISL104. Sjå vedlegg 1, saksomtale frå sirkulasjonssaka til programstyret.

Framlegg til vedtak:

Endringane i emnetitlane for ISL103 og ISL104 blir vedtekne med verknad frå hausten 2013.

Vedlegg 1: Saksomtale frå sirkulasjonssak i programstyret for nordisk

SAK 3/13

Endring i emnetittel for ISL103 og ISL104

Sidan dei gjeldande emnetitlane i *ISL103 Islandsk språk I* og *ISL104 Islandsk språk II* kan skape eit feilaktig inntrykk av progresjonskrav mellom emna, har fagansvarlig for islandsk, Thorsteinn Indridason, meldt inn ønske om at emnetitlane blir endra til ISL103 – Islandsk grammatikk og fonetikk og ISL104 – Islandsk språk og samfunn. Endringane skal gjelde frå hausten 2013.

Framlegg til vedtak frå programstyret i nordisk

Emnetittel på ISL103 endrast frå «Islandsk språk I» til «Islandsk grammatikk og fonetikk». Emnetittel på ISL104 endrast frå «Islandsk språk II» til «Islandsk språk og samfunn». Endringane gjeld frå og med haustsemesteret 2013.

Vedlegg 2: Oppdaterte emneplanar for ISL103 og ISL104

Oppdatert ved LLE 18. januar 2013. Til behandling i Programstyret for nordisk januar 2013. Endring i emnetittel er markert i kursiv. Ingen andre endringer.

Emneplan for ISL103 – gjeldande frå og med haustsemesteret 2013

Emnekode	ISL103
----------	--------

Emnenamn, nynorsk	<i>Islandsk grammatikk og fonetikk</i>
Emnenamn, engelsk	<i>Icelandic Grammar and Phonetics</i>
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Norsk. Dansk og svensk kan òg verte brukte i nokon grad.
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.
Mål og innhald	<p>Studiet skal gje studentane god kjennskap til moderne islandsk grammatikk, fonetikk og fonologi. Studentane skal i nokon grad kunne lese og forstå islandsk tekst gjennom tekstlesing og omsetjing av tekstar av normal vanskegrad. Det vert lagt vekt på at studentane løyser oppgåver gjennom heile semesteret og får tilbakemelding på oppgåvesvara.</p> <p>Emnet kan inngå på nordisk 200-nivå - spesialisering i nordisk språk og litteratur.</p>
Læringsutbyte/resultat	<p>Studentane skal i slutten av semesteret kunne skildre enkelte delar av det grammatiske systemet i islandsk og samanhengen mellom dei, og gje ein grammatisk analyse av ord i tekst. Studentane skal òg kunne bruke den grammatiske kunnskapen til å løyse oppgåver på ein tilfredsstillande måte, lese islandsk med nokolunde riktig uttale og omsetje islandske tekstar av normal vanskegrad.</p>
Krav til forkunnskapar	Ingen.
Tilrådde forkunnskapar	EXFAC00SK Språk og kommunikasjon
Undervisning og omfang	<p>Undervisninga skjer i form av innlegg frå læraren og løysing av oppgåver i timen og heime. Undervisningsomfanget er 52 timar (tilsvarande to dobbeltimar i veka).</p> <p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mi Side. På emne der dette kan vere aktuelt, vil studentane få informasjon om det ved semesterstart, og før semesterregistreringsfristen 1. februar / 1. september.</p>
Obligatoriske arbeidskrav	Det er obligatorisk å levere inn og få godkjent åtte av ti heimeoppgåver for å kunne ta eksamen.

Vurderingsformer (dvs. Eksamen)	Eksamen er ei skriftleg prøve (skuleeksamen) på 6 timar. Det er høve til å bruke desse islandsk-islandske ordbokene under eksamen: <i>Árni Böðvarsson. Íslensk orðabók fyrir skóla og skrifstofur. Mál og menning</i> , og Ivar Orgland og Frederik Raastad. <i>Islandsk-norsk ordbok</i> .
Karakterskala	Karakterskala A–F.
Læremiddelomtale	Pensum består av ei lærebok og eit kompendium med eit utval av islandske tekster og oppgåver. I semesteret får studentane låne islandsk-islandsk ordbok av instituttet: <i>Árni Böðvarsson: Íslensk orðabók fyrir skóla og skrifstofur. Mál og menning</i> , og Ivar Orgland og Frederik Raastad. <i>Islandsk-norsk ordbok</i> . Studenten kan bruke desse ordbøkene på den skriftlege prøva. I tillegg vil studenten ha tilgang til islandsk-norsk ordbok på nettet.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium E-post: studierettleiar@lle.uib.no
Fagleg overlapp/ studiepoengreduksjon	ISL101 og ISL103 overlappar, og ein vil ikkje få uttelling for meir enn 15 studiepoeng om ein tek begge emna.

Oppdatert ved LLE 18. januar 2013. Til behandling i Programstyret for nordisk januar 2013. Endring i emnetittel er markert i kursiv. Ingen andre endringer.

Emneplan for ISL104 – nytt emne frå våren 2012

Emnekode	ISL104
Emnenamn, nynorsk	<i>Islandsk språk og samfunn</i>
Emnenamn, engelsk	<i>Icelandic Language and Society</i>
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk. Dansk og svensk kan òg verte brukte i nokon grad.

Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.
Mål og innhald	<p>Studiet skal gje studentane god innsikt i valde språklege tema, mellom anna språkpolitikk, purisme og skrivemåte av importord, dialektar, forholdet mellom eldre og moderne islandsk, utvikling av ordforråd, orddanning, bøyning og produktivitet av ordprosessar.</p> <p>Emnet kan inngå på nordisk 200-nivå - spesialisering i nordisk språk og litteratur, og tilfredstiller kravet til bacheloroppgåve.</p>
Læringsutbyte/resultat	Studentane skal ha skaffa seg eit godt innblikk i pensum, slik at dei er i stand til å greie ut om dei enkelte temaa og sjå samanhangen mellom dei.
Krav til forkunnskapar	Ingen.
Tilrådde forkunnskapar	EXFAC00SK Språk og kommunikasjon
Undervisning og omfang	<p>Om lag 26 timer førelesingar, tilsvarande 1 dobbelttime i veka.</p> <p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mi Side. På emne der dette kan vere aktuelt, vil studentane få informasjon om det ved semesterstart, og før semesterregistreringsfristen 1. februar / 1. september.</p>
Obligatoriske arbeidskrav	<p>1) Det er obligatorisk å levere og få godkjent pensumliste.</p> <p>2) Det er obligatorisk å levere utkast til semesteroppgåva og ta mot rettleiing på den.</p> <p>Frist for godkjenning av tema for semesteroppgåva er fem veker før endeleg innlevering.</p> <p>Frist for innlevering av førsteutkast til semesteroppgåva er tre veker før endelig innlevering.</p>
Vurderingsformer (dvs. Eksamen)	<p>Semesteroppgåve og munnleg prøve.</p> <p>Semesteroppgåva skal ha eit omfang på inntil 5000 ord,</p>

	<p>litteraturliste og vedlegg ikkje medrekna.</p> <p>Det vert sett separate karakterar på semesteroppgåva og den munnlege prøva. Studentane må stå på begge delane i same semester for å stå i emnet. Ved utrekning av samla karakter tel semesteroppgåva 60 % og den munnlege prøva 40 %.</p> <p>Det er høve til å ta eksamen i haustsemesteret dersom obligatoriske arbeidskrav er innfridde i det føregåande vårsemesteret.</p>
Karakterskala	Karakterskala A-F
Læremiddelomtale	Pensumet tilsvarear om lag 1000 sider av normal vanskegrad.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium E-post: studierettleiar@lle.uib.no
Fagleg overlapp/ studiepoengreduksjon	ISL101 og ISL104 overlappar, og ein vil ikkje få uttelling for meir enn 15 studiepoeng om ein tek begge emna.

UUI-sak 7/13	Justering av emneplanar på digital kultur: DIKULT105, DIKULT250, DIKULT350	
Vedlegg 1	Saksomtale frå digital kultur	
Vedlegg 2	Referat frå programstyremøtet på digital kultur 18.01.13	
Vedlegg 3	Justert emneplan for DIKULT105	
Vedlegg 4	§6.2.5-6 i Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen.	
Vedlegg 5	Emneplan DIKULT250	
Vedlegg 6	Emneplan DIKULT350	

Fagmiljøet for digital kultur har sendt inn ønske om endringar på tre av emna sine.

Merknader frå undervisningsleiar:

DIKULT105:

38

DIKULT105 har ei omfattande mappe som vurderingsform. Hausten 2012 har det kome fram at sensurkriteria på emnet bør gjerast klårare. Det har også skjedd endringar i reglementet ved UiB når det gjeld krav til omtale av mappeoppgåver som gjer det naudsynt med ei oppdatering av emneplanen, særskilt det som står under «vurderingsformer».

Eit av arbeida i mappa er eit gruppearbeid. Gruppearbeid som vurderingsform fordrer at studentane på ei gruppe får same sensurvedtak på arbeidet. Likeeins er det slik at om ein student vil klage på karakteren, får dette konsekvensar for dei andre studentane på gruppa. Det er produktet gruppa leverer som blir vurdert og karakterset og det er derfor ikkje mogleg å skilje mellom studentane sin innsats i arbeidet. Undervisningsleiar vil ut frå dette åtvare mot emne der karakter blir sett ut frå gruppearbeid. Som undervisningsform og/eller obligatorisk aktivitet kan derimot gruppearbeid vere hensiktsmessig. Undervisningsleiar rår til at fagmiljøet finn ein måte å bruke gruppearbeid i undervisninga som ikkje blir utslagsgivande for karaktersettinga på emnet. (Sjå også vedlegg 3 i UUI-sak 8/13).

Det kan gjerast på ulike vis: Gruppearbeidet kan gjerast om til ein obligatorisk aktivitet, eller vurderingsordninga kan gjerast om til ei mappe, der gruppearbeidet er eit av arbeida i mappa, men der det ikkje dannar grunnlag for karakteren. (jfr. § 6.2.5 f i Forskrifta ved UiB)

Det går ikkje tydeleg fram kor mange refleksjonsnotat og nettsider mappa skal innehalde. Dette må rettast opp. Undervisningsleiar rår til at vektinga av dei ulike delane i mappa vert ført i emneplanen, slik at vektinga er fastlagt og den same frå semester til semester.

Det bør presiserast i emneplanen kva reglar som gjeld for sensur av gruppearbeidet, jfr § 6.2.6 i *Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen*.

Det bør presiserast under «obligatoriske arbeidskrav» kor mange av dei obligatoriske oppgåvene som vil gå inn i vurderingsmappa, og korleis desse samsvarar med lista over arbeid under «vurderingsformer».

Det bør lagast ei sensorrettleiing på emnet, slik at det er eintydig og klart over tid kva kriterium som gjeld for vurdering av dei ulike arbeida i mappa.

Undervisningsleiar gjer framlegg om at omtalen av teknologi som vert brukt: «(for tida nyttar vi *HTML5, CSS3 og Javascript til koding og Photoshop CS til biletehandling*).» vert flytta til rubrikken «læremiddelomtale». Denne lista kan reknast på linje med omtale av pensuminnhald og dersom fagmiljøet ønskjer kan lista oppdaterast årleg utan formell handsaming av emneplanen i UUI.

DIKULT250:

Det bør kome fram under «undervisningssemester» at det er skilnad mellom undervisningsformene om hausten og om våren. Undervisningsleiar har gjort framlegg om tekst i emneplanen. Sjå vedlegg 4.

DIKULT350:

Fagmiljøet ønsker å gjøre det obligatorisk for MA-studentar å delta på møte i forskergruppa for digital kultur, ved at MA-studentane må møte i forskergruppa minst to gonger per semester. Det må kome fram i emneplanen kva for semester dette gjeld, evt kor mange gonger dei må møte totalt i løpet av MA-studiet for å ha godkjent kravet. Gjeld kravet dei to semestra ein MA-student skriv MA-oppgåve? Kva med studentar på deltid eller studentar som brukar eit femte eller sjette semester på mastergraden?

Under «Undervisning og omfang» står at «Det er høve til å levere masteroppgåva som del av eit større prosjektarbeid, men arbeidsinnsatsen som er knytt til prosjektet, må kunne evaluerast individuelt. Det vil til dømes seie at éin person kan stå for programmering, medan ein annan står for utviklingsarbeid i tilknytning til innhald og design. Det er også mogleg at fleire personar deltek med like oppgåver i eit større prosjekt, men då innanfor klart avgrensa område.»

Det er problematisk at «arbeidsinnsatsen» skal bedømmes til sensuren. Det er krav om ekstern sensur på masteroppgåver og det vil ikkje vere mogleg for ekstern sensor å vurdere arbeidsinnsatsen all den tid denne ikkje er etterprøvbar. Undervisningsleiar gjer framlegg om at den understreka teksten i utklippet over vert endra til at «... men den enkelte studenten sine resultat i prosjektet må kunne vurderast individuelt av intern så vel som av ekstern sensor.»

Under «Vurderingsformer» står det eit minimumskrav på 50 sider for oppgåver med programteknisk vinkling, men det er ikkje sett eit maksimumskrav. For teoretiske oppgåver er det sett eit maksimumskrav på 110 sider, men ikkje eit minimumskrav. Det bør settast klare maksimum- og minimumskrav for lengden på begge typer oppgåver.

Emneplanane må språkvaskast før innsending til fakultetet.

Framlegg til vedtak:

DIKULT105: Merknadene frå undervisningsleiar må takast inn i emneplanen. Merknadene frå UUI må handsamast i programstyret igjen før innsending til fakultetet 15.2. UUI gir fullmakt til at emneplanen kan sendast inn av undervisningsleiar når den er ferdig handsama i programstyret.

DIKULT250: Endringen i emneplanen blir vedteken med verknad frå hausten 2013.

DIKULT350: Obligatorisk oppmøte på forskergruppa for digital kultur vert vedteke med verknad frå hausten 2013. Merknadane frå undervisningsleiar må takast omsyn til i emneplanen.

Vedlegg 1: Saksomtale fra digital kultur

Digital kultur ønsker å opprette et nytt kurs på 200-nivå, og trenger noen mindre endringer/justeringer i emneplanene i den allerede eksisterende kursporteføljen. Det gjelder vekting

av fokus, tydeliggjøring av læringsutbytte, studentenes innbinding i forskermiljøet og ikke minst synkronisering med det nye regelverket. Følgende endringer er nødvendige:

105.

Liten forskyvning av fokus fra det estetiske/retoriske til det tekniske (103 dekker allerede en del av dette førstnevnte, og studentene etterlyser denne vektingen).

Teknisk spesifisering må oppdateres (vi bruker ny teknologi i år).

Karaktergivingen for mappeevalueringen må synkroniseres med regelverket. Regler for sykemelding likedan.

Læringsutbytte bør nevne at gruppearbeid er både trening, mål og innhold. Dette var underkommunisert i eksisterende emneplan.

250.

Vi har hatt dette som et kurs med kun individuell veiledning. For å lettere kunne fange opp større studentmasser, og synkronisere med kurs 251, vil vi (re-)introdusere seminarform på kurset når dette tas om høsten.

350.

Vi ønsker å knytte studentene nærmere forskermiljøet, både med tanke på rekruttering, veiledning og incitament til fremdrift. Masterstudentene og de ansatte bør bli kjent, ikke minst gjennom presentering og diskusjon av pågående arbeid. Vi ønsker dette forresten i alle kurs på 300-nivå. Endringene i disse kommer etterhvert.

Vedlegg 2: Referat frå programstyremøtet på digital kultur 18.01.12

Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier (LLE)

Referat

Programstyret for digital kultur

Tid: 18.januar 11-12

Sted: Sydneshaugen, grupperom G

Til stede: Daniel Jung, Daniel Apollon, Jill Walker Rettberg, Scott Rettberg, Stig Andreassen (stud. repr) Vibeke Valkner (stud.repr) Lise Kristiansen (ref.)

Rolf Beev er på reise. Daniel Jung var oppnevnt som midlertidig leder av programstyret i hans fravær.

Saksliste

Sak 1/12: Godkjenning av innkalling og saksliste.

Vedtaksaker:

Sak 2/12: Oppretting av emnet DIKULT2XX- Collaborative Creativity in New Media

Emneplanen ble godkjent av programstyret uten kommentarer.

Emnet er vedtatt opprettet fra sommer/ høst 2013.

Sendes til behandling i UUI 04.02.2013.

Sak 3/12: DIKULT250 – endringer i emneplan vedtatt, med de kommentarene som kom frem i møtet.

Endringene skal tre i kraft fra høsten 2013.

Sendes til behandling i UUI 04.02.2013.

Sak 4/12: DIKULT350 - endringer i emneplan vedtatt, med de kommentarene som kom frem i møtet.

Endringene skal tre i kraft fra høsten 2013.

Sendes til behandling i UUI 04.02.2013.

SAK 5/12: DIKULT105 – Endringer i emneplanen

Behandlingen av DIKULT105 ble utsatt til møte onsdag 23.01.2013, på grunn av liten tid til å forberede saken.

Tillegg: kort referat fra møte 23.01.2013:

Til stede: Daniel Jung, Daniel Apollon, Hilde G. Corneliussen, Scott Rettberg, Patricia Tomaszek, Elisabeth Nesheim, Stig Andreassen, Lise Kristiansen (ref).

Vibeke Valkner ble ved en feil ikke informert om møtet. Hun har fått sakspapirene på e-post.

Sak 5/12: DIKULT105- Endringer i emneplanen.

Endringer i Mål og innhold, læringsutbytte/resultat, undervisning og omfang og vurderingsformer for emnet DIKULT105 vedtatt.

Endringene vil tre i kraft fra høsten 2013.

Sendes til behandling i UUI 04.02.2013.

Daniel Jung

Fungerende leder for programstyret

Lise Kristiansen

studiekonsulent

Vedlegg 3: Justert emneplan for DIKULT105

Emnekode	DIKULT105
Emnenamn, nynorsk	Webdesign
Emnenamn, engelsk	Web Design
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Norsk eller engelsk.
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.

Mål og innhald	<p>Emnet gir ei innføring i formidling på web, med vekt på kulturformidling. <i>Studentane vil få trening i å lage og publisere nettstader med relevant nettverksteknologi som HTML, Javascript, CSS, bruk av bilete og lyd på web. I tillegg vil dei få ei innføring i informasjonsarkitektur, strategiar for navigasjon og brukarretting. Saman med den tekniske innføringa får studentane eit teoretisk grunnlag i tekstlege og visuelle uttrykksformer knytt til web, og dei vil få kjennskap til utviklinga og estetikken til desse uttrykksformene</i></p> <p>Målet er å gjere studentane i stand til å <i>bruke moderne teknologiar for å tilpasse kulturmateriale for web og å gjere kritiske analysar av val av presentasjons- og formidlingsformer i humaniora i ein webkontekst.</i></p>
